

15.08.2009

Fem brislingbruk i arbeid i fjorden sist natt



Olav Hovda har førebels 25 tonn brisling stående ved Ånuglo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Natt til laurdag var fem brislingbruk i arbeid i fjorden utanfor Skorpo, men berre eitt kasta og utbyttet var labert.**

**Det fortel fiskeskippar Olav Hovda frå Finnøy i Rogaland som har lagt til med bruket sitt ved Sandakaien.**

**Det heiter naturleg nok Hovda.**

Hovda antar at det er 15 brislingbruk akkurat no i ytre del av Hardangerfjorden, Åkrafjorden og Matre og i 'vår' fjord er fiske tilte så langt inn som til Steinsfossen.

Grunnen til den store koncentrasjonen om Hordaland dette året er grei nok: Det er berre her det er opna for brislingfiske.

- Dei som prøvefiska fann ikkje store nok forekomstar korkje i Rogaland eller Sogn denne gongen til at det kunne opnast for fiske, påpeikar fiskeveteranen, som snart har 50 år bak seg i yrket.

- Men når det er tilte fiskar vi overalt, legg han til.

Sjølv har han hatt ein relativt brukbar start denne gongen. Han har ståande eit steng på 25 tonn fin brisling ved Ånuglo og håpar å få denne levert i Bergen til veka.

- Det var eit fint kast. Men eg må ha mange gonger 25 tonn hvis dette skal bli ein brukbar sesong, seier Olav, som har eit mannskap på sju.

Av Ola Matti Mathisen



Velutstyrts brislingbruk ved Sandakaien laurdag: Hovda frå Finnøy. (Foto: Ola Matti Mathisen)